



## Innhald

### Valprogram

**2019 - 2023**

1	Hovudmål for valperioden:.....	2
2	Korleis vi forflyttar oss i kvardagen .....	2
3	Naturvern, miljø og klima .....	3
4	Barn, familie og fritid .....	4
4.1	Skulemiljø – barnehage.....	4
4.2	Idrett og frivillig arbeid .....	4
5	Næringslivet vårt .....	4
6	Kultur, identitet og historie .....	5
7	Folkehelse.....	6
8	‘Skap suksess der du bur’ .....	6
9	Arbeid og velferd .....	7
10	Fylket vårt .....	7
10.1	Administrasjon og service .....	7
10.2	Eigedomsforvaltning.....	7

## FNB - Folkeaksjonen nei til meir bompengar Vestland

### *Valprogram 2019 – 2023*

FNB helsar velkommen det nye fylket Vestland. Politikarane sine avgjerder påverkar oss alle i kvardagen, og vi ønskjer at Vestland skal være den beste regionen i landet å bu i. Mange opplever at styresmaktene tek avgjerder som veljarane er ueinige i. Bompengebrauken som verkemiddel til finansiering er diverre på veg til å komme ut av kontroll. Difor tilbyr FNB vi eit politisk alternativ med basis i det politiske sentrum, utan at bompengar skal takast i bruk som verkemiddel. Det politiske engasjementet startar dermed med utgangspunkt i bompengesaka. FNB har ut frå denne føresetnaden sett saman eit komplett valprogram innan dei ulike fylkeskommunale politikkområda.

Godt val!



## 1 Hovudmål for valperioden:

- Stogge alle nye bompengefinansierte tiltak inkludert Hordfast
- Stogge alle planar om GPS-basert vegprising
- Fryse og redusere bompengetakstane i eksisterande bompengeanlegg
- Hindre at innbyggjarar til kommunar rundt Bergen skal betale for veg- og utbyggingstiltak som skjer innanfor Bergen
- Stoppe veksten i parkeringsavgift-nivå på stader der det offentlege driv P-anlegg (sjukehus, flyplassar, bykjerne)
- Avvikle dei 15 nye bomstasjonane i Bergen.
- Bompengar skal aldri finansiere andre tiltak enn veg, dvs. kollektivutbygging, sykkelvegar, parkar og turstiar
- Stogge vidare bybaneutbygging i Bergen og seie opp gjeldande byvekstavtale

## 2 Korleis vi forflyttar oss i kvardagen

Fylket Vestland er stort i areal og innbyggjarane bur spreidd. Det gjer at vi har eit behov for å forflytte oss til arbeid, skule, fritidsaktivitetar, frivillig arbeid, omsorg for eldre og funksjonshemma, handel og andre aktivitetar. Vi treng fornuftige og rimelege måtar å bevege oss rundt på utan urimelege restriksjonar og for høge avgifter. Arbeidet med rasutsette vegstrekingar skal ha høgare prioritet enn investeringar i dyre prestisjeprosjekt.

I storbyområdet Bergen og elles ønskjer vi oss smarte kollektivløysingar basert på digital teknologi. Vi vil bruke dei ledige seta som finst i trafikken i dag i staden for å lage ny infrastruktur. Gjennom å redusere trafikken med 10% kan bilkøane bli fjerna. Det er naturleg at styresmaktene aukar satsane for køyregodtgjersle når det er 2 eller fleire personar i bilen.

Vi er positive til bildeleringar, og andre frivillige fellesordningar for privat transport.

- Sikre eit effektivt og rimeleg kollektivtilbod
- Statleg vegbygging må prioriterast etter samfunnsøkonomisk lønsemd.
- Fleire ekspressbussruter gjennom fylket
- Auke andelen av fylkeskommunale el-bilar
- Bruke anbodskriterer som stimulerer til lågutslepps løysingar for hurtigbåtar
- Arbeide mot urimeleg høge nivå på parkeringsavgifter i byar og tettstadar
- Nei til GPS basert vegprising som vil flytte kostnader frå by til distrikt
- Hindre Avinor som tilnærma monopolist i å auke parkeringsavgifter ved flyplassane i fylket ut over det som kundane vil oppfatte som eit ansvarleg P-prisnivå.
- Hordviktunnellen må prioriterast først av europavegprosjekta i Bergen og samordnast med eksisterande bompengeanlegg
- Europavegprosjekt skal finansierast utan bompengar



Vi vil aktivt arbeide mot planane for Hordfast (brusamband mellom Os og Stord). Ferjetrafikken er også her ei god og praktisk løysing i eit fjordfylke som Vestland. Hordfast-planane er miljøødeleggende og pålegg bilistar og næringsliv i regionen ei økonomisk byrde som går langt ut over det som kan akseptast.

Vi støttar ikkje utbygging av bybane til Åsane. Ei eventuell bane - om den skulle komme på eit seinare tidspunkt- må fullfinansierast av staten. Bompengar skal ikkje brukast på eit byutviklingsprosjekt som i realiteten bybana er. Vi vil difor ha full stopp i kommunen sitt planleggingsarbeid av bybane til Åsane.

GPS-basert vegprising er ei sak som FNB vil kjempe mot. Dette nye prinsippet for avgiftsinnkrevjing vil i realiteten flytte ulempa frå sentrale strok ut i distrikta. Distriktsområda i fylket har høge nok transportkostnader frå før, utan å skulle måtte bidra til ein ekstraskatt som er på grunn av for høge investeringar og inntektssvikt i bomringar nær og i dei større byane. GPS innkrevjing har også alvorlege personvernutfordringar.

### 3 Naturvern, miljø og klima

Vi er opptekne av miljøet vi bur i – rein luft, jord og vatn. Vi bør redusere utslepp gjennom stimulering av alternative energikjelder. og støtte utvikling av miljøvennlege løysingar. Næringslivet langs kysten må ta inn over seg at eit reint hav er ein føresetnad for sunn økonomisk vekst også i framtida.

FNB vil:

- Ha samarbeid mellom fylke og kommune for innsamling av plastavfall
- Betre forståinga av at ein balansert forvaltningspolitikk også har plass til rovdyra våre
- Vegbygging og -oppgradering skal i aukande grad ta omsyn til landskaps- og naturvern
- Jobbe for klimanøytral oppvarming av fylkeskommunale bygg.
- Bærekraftig cruisetrafikk langs fylket. Det er i cruiserederia si interesse å betre miljøprofilen dersom næringa skal kunne pårekna vekst i framtida
- Støtte frivillige lag og organisasjonar som tek vare på friluftsområda i fylket
- Arbeide for sikker fjerning av kvikksølv i Fedje -ubåten

Folk er stadig meir opptekne av reint hav og betydninga av å unngå plast- og mikroplastforsøpling. Mange stader går det føre seg opprydding langs kysten. Vestland fylke skal aktivt bidra i denne dugnaden, som landets kan hende viktigaste kystregion. Næringar som har ambisjonar om vekst skal i praksis demonstrere at dei forstår og respekterer viktigheita av rein sjø og reint vatn.



## 4 Barn, familie og fritid

Alle innbyggjarane i Vestland må ha gode levevilkår for læring, helse og en fritid med eit allsidig tilbud. Familiar må ha rom for å utfalde seg og leve eit aktivt liv, også der privatbilen er ein føresetnad for dette.

### 4.1 Skulemiljø – barnehage

Et godt og trygt miljø er viktig for borna si læring og utvikling. Dei fleste kommunane i fylket og dei vidaregåande skulane våre har oppnådd elevresultat godt over landsgjennomsnittet gjennom mange år. Oppdatert undervisningsmateriell, motiverte lærarar og trygge skulevegar må framleis prioriterast. Det er naudsynt å styrkje rådgjevartenesta ved mange vidaregåande skular i fylket. Det er også viktig med et godt samarbeid med næringslivet og andre utdanningsinstitusjonar, ikkje minst for å sikre god tilgang på læreplassar. Vi ønskjer at ungdom som tek utdanning i større byar og tettstader skal oppleve at dei har eit val i arbeidsmarknaden om å komme attende til heimstaden sin, også med ei fullført høgare utdanning.

Vestland fylke har hatt ei positiv utvikling i kampen mot mobbing. Arbeidet mot mobbing skal intensiverast og framleis løftast som tema på alle nivå i skulen.

### 4.2 Idrett og frivillig arbeid

Vestland er eit fylke der idretten og det frivillige arbeidet alltid har stått sterkt, ikkje minst på mindre stader ute i distrikta. Det nye storfylket skal samhandle med alle kommunar i fylket slik at det blir ei rettvis fordeling av investeringsmidlar til idretts- og kulturanlegg. Det skal vidare vere balanse mellom investeringar i idrett og kultur. FNB prioriterer breidde og folkehelse framfor toppidrettstiltak. FNB ser svært uansett positivt på at det finst lokale og regionale private aktørar som i aukande grad ser verdien av å kunne bidra med delfinansiering av ulike typar anlegg.

- Kultur (musikk, teater) skal ha likeverdige vilkår som idrett.
- Samlokalisere idretts- og kulturanlegg nær skular og oppveksttun
- Fleire heilårsopne idrettstilbod

## 5 Næringslivet vårt

Samfunnet er avhengig av eit lønsamt næringsliv. Næringspolitikken skal stimulere til auka verdiskaping, fleire arbeidsplassar og eit godt handels- og servicetilbod for innbyggjarar og tilreisande. Vestland skal være ein enkel og lønsam region å drive næring i.

Oljeverksemda og havbruk har dei siste 40 åra vore hovuddrivkrafta for næringsverksemd i Vestland. Slik vil det framleis være i mange år framover. Framtidsretta næring er miljøvenleg og bærekraftig og dermed også på lengre sikt konkurransesterk og lønsam. FNB trur på viktigheit av ei sterk kopling mellom forskingsmiljøa ved universitet og høgskular og dei marine næringane.

Trafikksikker veg som også mogeleggjjer effektiv vare- og persontransport er eit prioritert politikkområde. Men på Vestlandet som frå naturen si side er ein region med djupe fjordar og bratte



fjell vil ein aldri komme vekk frå at sjøen og fjorden kan vere ei vel så effektiv og sikker transportrute som det å lage nye vegar, undersjøiske tunellar eller bruer.

FNB vil:

- Leggje til rette for at Vestland blir den føretrekte regionen i dei kommande store dekommisjoneringsprosjekta for plattformhogging. Utvikle Lutelandet og Gulen næringsklyngene.
- Cruisenæringa skal ikkje ha fri og uhindra tilgang til verdsarvområda. Innføre eit reguleringsystem som legg eit tak på omfanget av slik turisme av omsyn til miljøet og slik at aktuelle kommunar får rettmessig del av verdiskapinga knytt til slik turisme.
- Vindkraft bør byggjast ut til havs. Vindkraft på land i vår region har vakse ut av kontroll. Mølleparkane er visuelt forsøplande og i mange høve sterkt miljøødeleggende. Difor skal slike prosjekt heretter sterkt avgrensast. Ingen fleire konsesjonar skal tildelast utan at dei lokalsamfunna det gjeld ynskjer dette gjennom folkerøysting og naturvernomsyn tilseier at prosjektet utan tvil er berekraftig.
- Veginvesteringar vil kunne skje der dette gir best samfunnsøkonomi, er til gagn for næringslivet og bidreg til å få ned risiko. Ny E16 mellom Voss og Bergen vil være det viktigaste prosjektet å få igangsett dei neste 5-10 åra.
- Effektive lågutsleppsferjer med høg rutefrekvens er i mange høve betre enn kostbare vegløyisingar, særleg dersom det ligg inne føresetnader om tung bompengefinansiering.
- Framsnakke oljenæringa som vil være Vestland si viktigaste næring også dei neste tiåra
- Vidareutvikle offshore forsyningsbasar i retning mot havbruk og offshore vindkraft
- Bidra til å kople kompetansmiljø for å oppnå synergjar, til dømes mellom undervassteknologi og havbruk/oppdrett
- Stille strenge miljøkrav til alle næringar, ikkje minst havbruk. Handheve regelverket med bruk av bøter for å fjerne useriøse aktørar.
- Støtte ordning for fjerning av sitkagran frå kystlynghei nytta som beite

## 6 Kultur, identitet og historie

Frivillige lag, foreiningar og enkeltpersonar er viktige aktørar i opplæring og aktivisering av unge og for å tilby eit variert tilbod av kulturopplevingar.

Vestland er hovudregionen for nynorsk. Det store fleirtalet av kommunar i Vestland nyttar nynorsk som administrasjonsspråk. FNB ønskjer at nynorsken sin viktige posisjon skal sikrast, mellom anna gjennom vedtaket om nynorsk som administrasjonsspråk i Vestland fylkeskommune.

FNB vil vidare å arbeide for å auke medvitet om dei vestlandske dialektane og dei sentrale vestlandske forfattarane. Dette er viktige kultur- og identitetsberarar for nye generasjonar vestlendingar.

Kysttradisjonen er eit anna særmerke ved Vestland. FNB ønskjer å styrke fartøyvern, kystsogelag og arenaer som sikrar vidareføring innan maritime handverksfag og båtbyggertradisjon.



Lokalavisene er viktige nyheits- og kulturaktørar. FNB ser verdien av levedyktige lokalaviser også i papirformatet i så mange områder av fylket som mogeleg. Fylket skal bidra til å oppretthalde det økonomiske grunnlaget for lokalavisa gjennom å aktivt nytte desse til annonsering.

Drift av lokalradioane er svært viktige for mange lokalsamfunn. Dette skjer først og fremst på FM-bandet. FNB ser dermed ingen grunn til å setje ein dato eller årstal for nedlegging av FM-bandet.

## 7 Folkehelse

FNB vil sikre at gode helsetilbod finst der folk bur. Etableringa av Vestland kommune skal på ingen måte bli ein drivar for meir sentralisering av helsevesenet, med tap av tilbod på dei mindre tettstadane og småkommunane.

Det lokale tannhelsetilbodet skal haldast på eit minst like godt nivå som i dag.

Fylke og kommune skal samarbeide om førebyggjande arbeid retta mot ungdom både innan rusmisbruk og psykiatri. FNB vil:

- Styrkje det førebyggjande arbeidet blant ungdom, spesielt innan rus og psykiatri
- FNB ønskjer ikkje legalisering av nye rusmiddel.
- Styrkje helsesøsterordning ved dei vidaregåande skulane

## 8 'Skap suksess der du bur'

Heim og nærmiljø er det aller viktigaste for kvar og ein av oss. Vi ønskjer trygge bumiljø med kort avstand til det vi har mest behov for i kvardagen, slik at vi kan gå eller sykle til skule, barnehage og butikk.

Bustadbygginga i fylket må innrettast slik at folk framleis finn det attraktivt å bu i distrikta. Det er uaktuelt å belaste distrikta med vegprising, som følgje av utbyggingstiltak i byane.

FNB vil unngå bustadbygging og omregulering til næringsverksemd på det som er dyrka eller dyrkbar jord. FNB stiller seg positive til alle som ser framtid i jordbruk slik at ein unngår nedlegging av bruk, attskoging og tap av matjord. Det skal være ein liberal praksis på søknadshandsaming for bustadbygging i tilknytning til satsing og ny investering på gardsdrift. FNB ønskjer å:

- Verne om eigedomsretten og sikre familien og sikre den enkelte tryggleik og råderett over eigen bustad og eigedom. Sterkt redusere bruk av ekspropriering.
- Ha bærekraftig og verdiskapande bruk av utmarksområde framfor bandlegging og freding
- Nytt resirkulering av eksisterande industriområde framfor omregulering av nye areal til næringsområde



## 9 Arbeid og velferd

Å ha ein jobb og en arbeidsplass å gå til, må være målet for alle innbyggjarar som har arbeidskapasitet. Funksjonshemma må ha tilrettelagte bu-, arbeids- og aktivitetstilbod. Alle skal ha de same rettigheter og plikter i sine forhold i fellesskapet.

Vestland har 40 000 personar med utanlandsk bakgrunn, noko som representerer 7 % av folketalet i fylket. Desse må få tilgang til undervisning i norsk- og samfunnskunnskap. Vi veit at svært mange av desse er nøkkelpersonar særleg innan jordbruk og havbruk. Det trengs difor ikkje nødvendigvis arbeidstrening, men at dei vert inkluderte i sosiale arenaer der dei bur. Her har kvar vestlending eit ansvar for å sjå naboen og kollegaen sin.

Vaksenopplæring i samband med integrering med tolketeneste bør overførast frå kommunane til fylkeskommunen og der koordinerast med vidaregåande opplæring.

## 10 Fylket vårt

Å administrere det nye fylket blir ei stor oppgåve. Fylket blir ein svært stor arbeidsplass mellom anna innan administrasjon, drift av veganlegg og undervisning.

Fylket nyttar innbyggjarane sine skattepengar til å drive verksemda si. Då er det eit krav at ein driv mest mogeleg effektivt for å få gode tenester igjen for pengane.

FNB vil sjølvstilt stille like store forventningar til rasjonell effektiv fylkeskommunal drift som det ein ville forventa av ei privat verksemd. Dei mange og fordyrande regionråda i fylket bør avviklast. All vegforvaltning burde liggje samla i Statens vegvesen framfor ei delt løysing med fylket.

### 10.1 Administrasjon og service

Vestland skal ha innbyggjarane sitt beste som viktigaste rettesnor. Brukarane av fylkeskommunale anlegg og tenester skal alltid møte hjelpsame og serviceinnstilte medarbeidarar. Ein effektiv administrering av fylket der ein aktivt tek i bruk digitale løysingar – gir raskare oppfølging for den enkelte innbyggjaren. Informasjon til publikum om ulike tilbod og rettigheter må også ha høg prioritet.

### 10.2 Eigedomshaldning

FNB meiner at nødvendig rehabilitering av fylkeskommunale bygg skal være blant fylket sine viktigaste fremste prioriteringar i åra som kjem. Vedlikehaldsbudsjettet må styrkast for å unngå meir vedlikehaldsetterslep. Fylkeskommunal eigedom skal ha kontinuerleg vedlikehald for å forlenge bygga si levetid. Sal av eigedom skal gjerast i større grad enn før, dersom fylket sjølv ikkje identifiserer eigna bruk eller finn nødvendige ressursar til naudsynt vedlikehald.